

«Dei tre hovudoppgåvene til Voss kulturråd er å **styrkja samarbeidet** mellom alle frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturområdet i Voss kommune, vera eit **felles talerøyr** for det frivillige kulturlivet, og å arbeida for å **betra rammevilkåra** for det frivillige kulturarbeidet i kommunen.»

## ÅRSMELDING 2017

Styret i Voss kulturråd var i 2017 sett saman av følgjande personar:

Styreleiar: Øystein Dahl

Styremedlem: Valborg Kløve-Graue  
Peder Ringdal  
Bridget Penny  
Anne Arneberg

Varafolk: Ragnhild Blikberg  
Stein Helge Mandelid

Valkomit : Liv Holmstr m  
Trond Remme  
Lars Mossefinn

Ved utgangen av meldings ret hadde Voss kulturr d 39 medlemslag.

Styret har hatt elleve m te, deriblant med journalist Nils Kvamsdal, museumsdirekt r Randi B rtvedt og kulturhussjef Thor Morten Tr . I tillegg har styreleiar Øystein Dahl hatt eit m te med lokalavisa Hordaland.

## KULTURRÅDET SITT ARBEID 2017

**KULTURHUSET.** Styret tok kontakt med den nye kulturhussjefen, Thor Morten Trå, kort tid etter at han tok til i jobben, og i mai hadde me vårt fyrste møte med han. Me vart einige om å samarbeide om å få til betre bruk av kulturhuset, og om å utvikla ein god kulturkalender for heile bygda. Trå tilbød styret å nytta møterommet i andre høgda, og sidan har me hatt alle møta våre der.

**KULTURKALENDER.** I september presenterte Thor Morten Trå oss for systemutviklar Terje Nesthus, som har utvikla ein kalendermodell som verka lovande for målsetjinga om ein kulturkalender for bygda. Den elektroniske kalenderen hentar sjølv regelmessig inn informasjon frå medlemslaga sine facebook-hendingar, og frå kulturhuset sitt programsystem (DX). Ein kalender av dette slaget treng lite ettersyn, og vil òg kunne fungera som arrangementsplanleggar. Me vart einige om å innleia eit samarbeid med Terje Nesthus om ein kulturkalender. Voss kulturråd søkte kommunen om kulturtilskot til kalenderen, og fekk 40 000 til utviklingsarbeidet. Kalenderen ([vosskulturkalender.no](http://vosskulturkalender.no)) vert lansert på årsmøtet 7. mars 2018.

**LOGO** Per Finne har designa logo for Voss kulturråd.

**KULTURMINNEPLANEN** skal reviderast, og Valborg Kløve-Graue er Voss kulturråd sin representant i arbeidsgruppa.

**KULTURPRISEN FOR 2017.** Styret stilte seg einstemmig bak ynsket om at Laila Rynning Veum skulle få prisen, noko ho fekk.

**GAMLEKINOEN.** Lars Mossefinn er Voss kulturråd sin representant i referansegruppa for opprustinga av Gamlekinoen. Gruppa har ikkje hatt møte dette meldingsåret.

Øystein Dahl  
styreleiar

Valborg Kløve-Graue  
nestleiar

Peder Ringdal  
kasserar

Bridget Penny  
medlemskontakt

Anne Arneberg  
skrivar